



# ÅRSBERETNING OG ÅRSREGNSKAP 2012



# Innhold

|                         |    |
|-------------------------|----|
| Leiar                   | 3  |
| Styrets beretning       | 4  |
| Nøkkeltal               | 10 |
| Resultat                | 11 |
| Balanse                 | 12 |
| Kontantstrømoppstilling | 13 |
| Noter                   | 14 |
| Statistikk              | 22 |
| English summary         | 30 |
| Key figures             | 31 |

AS VINMONOPOLET  
Foretaksregisteret NO 817 209 882 MVA

KJEDEKONTOR  
Akersgt. 51, 0180 Oslo  
Postboks 6953, St. Olavs plass, 0130 Oslo  
Telefon 04560  
Telefaks 22 01 50 09

www.vinmonopolet.no  
kundesenter@vinmonopolet.no

Design: Teft Design  
Omslagsfoto: Ellen Johanne Jarli  
Trykk: Wittusen & Jensen  
Opplag: 1400

Trykket på miljøvennlig papir

## Leiar årsmeldinga for 2012

I 2012 var det 90 år sidan Vinmonopolet blei etablert, og historisk sett har vi ikkje alltid vore like populære. Ei stor endring skjedde tidleg på 2000-talet då vi la om drifta frå sal over disk til sjølvbetente butikkar. Sidan den gong har vi investert mykje i varefagleg kompetanse hos dei tilsette. Målet vårt er ikkje berre å vere Noregs leiande faghandel, men òg å gi det beste kundemøtet. Dette er viktig nettopp fordi vi er avhengige av tillit i befolkninga. Utan støtte frå folket, ikkje noko vinmonopol. Så enkelt og så krevjande er det.

Vinmonopolet står stødigare i opinionen enn nokon gong. I ei omdømmeundersøking gjord av RepTrak og Apeland hamna Vinmonopolet i 2012 på ein flott andre plass, berre slått av Stormberg. Vinmonopolet skåra høgast på arbeidsmiljø, og saman med Apple skåra vi òg høgast på innovasjon. Særleg gledeleg er det at kundesenteret vårt i 2012 blei kåra til det beste i landet. Det viser at vi leverer for kundane våre i alle ledd.

Ein produkttype Vinmonopolet er pålagd å tilby, er det som formelt blir kalla "alkoholfrie festdrikkar". For få år sidan var utvalet hos Vinmonopolet på dette området dårleg, men i dag har vi eit breitt utval av alkoholfrie mostar, øl, vin og musserande. Vi vil halde fram med å utvikle det alkoholfrie sortimentet vårt i 2013.

2012 baud òg på utfordringar. I fjor svarte verdien av smuglarvarer, taxfree- og grensehandel til ein tredjedel av Vinmonopolets totale omsetning. På brennevinssida står Vinmonopolet no for halvparten av konsumet i Noreg. Held denne utviklinga fram, kan Vinmonopolet sin legitimitet bli svekt, noko som på sikt kan true sjølve monopolordninga.

Ei anna utfordring er tilgjenge. Sjølv om 90 prosent av befolkninga er fornøgde, manglar framleis nesten 200 kommunar pol. Det ønskjer både politikarar og Vinmonopolet å gjere noko med, men for at desse butikkane skal vere levedyktige, må dei drivast økonomisk forsvarleg.

Dei 1800 medarbeidarane mine i Vinmonopolet gjer ein fantastisk jobb kvar einaste dag. Saman skal vi utvikle Vinmonopolet til å bli ei enda betre bedrift slik at vi held fram å gjere oss fortente til støtte frå folket.



*Kai G. Henriksen*

KAI G. HENRIKSEN  
Administrerende direktør



## Styrets beretning 2012

I 2012 kunne Vinmonopolet markere at det var 90 år sidan selskapet blei etablert. I alle desse åra har Vinmonopolet vore eit av dei viktigaste verkemidla samfunnet har for å sikre eit ansvarleg sal av alkohol.

Fråværet av privatøkonomiske interesser som motiverer for sal, og at omsetninga skjer i kontrollerte former, gjer at Vinmonopolet medverkar til eit lågare alkoholkonsum og færre skadeverknader av alkohol i Noreg for den enkelte og for samfunnet enn det elles ville ha vore.

Visjonen til Vinmonopolet er "vi skal gjere oss fortente til støtte frå folket". Utan støtte frå folket, ikkje noko Vinmonopol. Visjonen signaliserer at vi aldri kan ta vinmonopolordninga for gitt, men at vi heile tida må jobbe målretta for å ha tillit i befolkninga.

2012 var eit av dei beste åra i historia til selskapet. Samtidig har auka konkurranse frå taxfreesalet og grensehandel ført til nye og forsterka utfordringar gjennom ei utflating i salet. Viss denne utviklinga held fram, vil ho svekkje det økonomiske handlingsrommet til selskapet og moglegheitene Vinmonopolet har til å løyse samfunnsoppgåvene sine.

Ulike målingar i 2012 viser klart og tydeleg at både kundar og tilsette er svært godt nøgde. Omdømmemålingar viser at Vinmonopolet har konsolidert seg som eit av selskapa i Noreg med best omdømme. I den omfattande omdømmeundersøkinga RepTrak 2012 tek Vinmonopolet ein sterk andreplass, berre slått av Stormberg. Vinmonopolet var ei av fire bedrifter som oppnådde karakteren «fremragende omdømme». Selskapet hamna på åttandeplass i BIs kundebarometer som viser kor tilfredse kundane er, der det skåra 82 av 100 moglege poeng. Store Norske Bedrifter, i regi av Ipsos MMI (tidlegare Synovate), gav Vinmonopolet ein sjetteplass blant dei 116 bedriftene som blei målte.

Resultat frå Vinmonopolet si eiga opinionsundersøking viser at 89 prosent av befolkninga har eit godt inntrykk av selskapet. 60 prosent av dei som blei spurde, meiner at alt sal av vin, brennevin og sterkøl bør skje gjennom Vinmonopolet. Dette er det beste resultatet sidan Vinmonopolet starta med desse målingane i 2002.

Vinmonopolets overordna balanserte

målekort viser ved utgangen av 2012 at alle indikatorane er grøne unnateke sjukefråvære og alderskontroll. Sjukefråværet var på 7,5 prosent i 2012, ein nedgang frå 8,5 prosent i 2011 og 0,2 prosent bak målsetjinga. Alderskontroll hadde eit resultat der 86,2 prosent av kontrollørane under 25 år blei spurde om legitimasjon, mot eit mål på 90 prosent.

Ei eiga undersøking som måler kor tilfredse medarbeidarane er, viser dei beste resultatata nokosinne. Gjennomsnittsskåren for alle påstandar er på 6,06 av 7 moglege, og på spørsmål om ein er godt nøgd med jobben sin, ligg svaret på 6,3.

### DET BESTE KUNDEMØTET

Vinmonopolet har som mål å vere Noregs leiande faghandel. Med eit slikt mål blir kundeservice og produktutval svært viktig. Servicekvaliteten blir målt ved å bruke «mystery-shopperar». Kontrollørane opptre som vanlege kundar og kontrollerer servicen i butikkane. Det blir gjennomført seks umelde kontrollbesøk i alle butikkar. Kontrollen blir gjort innanfor hovudområda oversikt i butikk, menneskeleg mottaking, behovsavklaring og rådgiving, varetrykk, tilgjengeleg informasjonsmateriell og besøksavslutning. I 2012 enda gjennomsnittsskåren på 94,3 prosent. Dette er same nivået som i 2011. Samtidig aukar produktiviteten i butikkane med cirka 2,6 prosent. Dette er ei stadfesting av at vi klarer å halde på servicenivået samtidig som vi effektiviserer drifta av butikkane.

### SOSIAL KONTROLL OG KAMPANJAR

Sosial kontroll er ei av dei viktigaste oppgåvene til Vinmonopolet. Målet er at ingen under 18 år skal få kjøpt vin eller øl, og at ingen under 20 år skal få kjøpt brennevin i butikkane til Vinmonopolet. Som eit viktig ledd i dette arbeidet skal dei tilsette i Vinmonopolet spørje dei kundane ein trur er under 25 år, om legitimasjon. I 2012 viste over 1,8 millionar kundar legitimasjon uoppmoda. Dette er ein auke på over 150 000 frå året før og ein auke på over 1,4 millionar sidan 2007. Våre tilsette spurde kundar om legitimasjon i overkant av 1,4 millionar gonger. Dette utgjer 4,2 prosent av totalt 33,1 millionar ekspedisjonar i 2012. Butikkane blir

øgd målte på gjennomføringa av alderskontroll ved å bruke «mystery-shopperar». Då er personane under 25 år og registrerer om dei blir spurde om legitimasjon. Totalt blei det gjennomført omtrent 4 000 slike testar i butikkane til Vinmonopolet i 2012. Testane viser at 86,2 prosent av shopperane blei spurde om legitimasjon. Dette er noko svakare resultat enn i 2011. Årsaka er at den første kontrollen for året ikkje handla om kjøp av alkoholhaldig drikk, men om kjøp av gåvekort, og at talet på kontrollar var redusert i 2012 frå 24 til 12. Talet på kontrollar per butikk aukar til 16 i 2013.

Vinmonopolet gjennomfører òg eigne haldningskampanjar retta mot ungdom med tanke på alderskontroll og for å forhindre langing. I februar og september blei det gjennomført kampanjar for å få ungdom under 25 år til å vise legitimasjon uoppmoda, mens kampanjen mot vennelanging blei gjennomført i mai og november.

### BUTIKKAR OG TILGJENGE

Vinmonopolet har som mål å sikre eit mest mogleg likt tilgjenge til butikkane over heile landet innanfor fastsette alkoholpolitiske og bedriftsøkonomiske rammevilkår. Etablering av nye butikkar blir basert på analysar av befolkningsgrunnlag, handelsmønster og avstand til nærmaste vinmonopolbutikk. Totalt blei det opna elleve nye butikkar i 2012. Ved utgangen av året var 278 butikkar i drift. Med dette er Vinmonopolet etablert i 219 av dei 429 kommunane i landet. Av Noregs befolkning på 5 millionar innbyggjarar bur 89 prosent i kommunar med eige Vinmonopol, og 95 prosent av befolkninga bur nærmare enn 30 km frå nærmaste Vinmonopol. I ei undersøking frå TNS Gallup svarte 89 prosent at tilgjenget til Vinmonopolet er godt nok der dei bur. Denne parten har auka i takt med utbygginga av butikknett, og vi ser at betra tilgjenge i distrikta er med på å styrkje oppslutninga om Vinmonopolet. Samtidig er det ved utgangen av 2012 106 kommunar utan pol som har søkt om butikk. Ønsket om å ha eit pol i eigen kommune har blitt betydeleg sterkare dei siste åra. Det vil òg i åra som kjem, bli opna nye butikkar. Styret føreset at kvar nye butikk, over tid, skal dekkje sine eigne kostnader.

Vinmonopolets spesialbutikkar i Oslo og Bergen har i 2012 òg gjennomført sju nyheitslanseringar – med stor suksess. Både kundar og presse har vist stor interesse for lanseringane. Vinmonopolet opplever i tillegg auka pågang frå butikkar og kundar som ønskjer at spesialprodukta skal vere meir tilgjengelege. Med bakgrunn i dette blir det no gjennomført eit prøveprosjekt med spesialutval i fire andre butikkar (CC Vest, Sandnes Kvadrat, Sandefjord og Hamar). Desse vil ha eit smalare utval enn spesialbutikkane i Oslo og Bergen.

Eit viktig element i tilgjenge til Vinmonopolet i distrikt med låg butikkdekning er e-handel, som består av nettbutikken (vinmonopolet.no) og eit eige kundesenter (tlf. 04560) som tek imot bestillingar på e-post og telefon. Distribusjonsløyisinga for e-handel blir handtert av eit sentralt lager. Posten blir distribuert direkte til kundar per post eller levert på døra. For kundar som bur i kommunar utan vinmonopolbutikk, er frakta kostnadsfri. Salet gjennom nettbutikk og kundesenter var 615 000 liter i 2012, ein auke på 0,3 prosent samanlikna med året før. På vinmonopolet.no var det drygt 5 millionar besøkjande i 2012. Samanlikna med 2011 er dette ein auke på 7 prosent. Kundesenteret sende 50 000 e-postar til kundar og tok imot meir enn 80 000 telefonsamtalar.

#### SALET

Salet til Vinmonopolet har dei siste åra vist teikn til stagnasjon, ei utvikling som blei forsterka i andre halvår i 2012. Utflatinga kjem truleg først og fremst av den markerte auken i grensehandel og taxfreesalet ved norske flyplassar, som SIRUS, Statens institutt for rusmiddelforskning, har dokumentert. Viss denne utviklinga forsterkar seg, vil Vinmonopolet i 2013 oppleve ein nedgang i salet for første gong sidan 1996.

Totalvolumet auka med 1,9 prosent til 79,9 mill. liter. Mens salet auka med 4,3 prosent i første halvår, var det ein salsreduksjon i andre halvår på 0,2 prosent. Veksten i første halvår var noko høgare enn forventna på grunn av auka sal i to godvørsperiodar. Leveringsproblema til Vectura frå mai førte til at fleire serveringsstader gjorde delar av innkjøpa sine på Vinmonopolet. Stagnasjonen i andre halvår må ein sjå i samanheng med at Systembolaget flytta og utvida

ein av dei to butikkane sine i Strömstad i midten av juni.

Salet av svakvin auka med 2,2 prosent til 65,7 mill. liter og står no for 82 prosent av omsetninga til Vinmonopolet. Sterkøl og alkoholfrie drikker auka òg, med høvesvis 23 prosent (til 1,4 mill. liter) og 32,8 prosent (til 223 000 liter). Brennevin gjekk tilbake med 2 prosent (til 11,9 mill. liter), mens salet av sterkvin gjekk ned med 5,4 prosent (til 670 000 liter).

#### NY IT-LØYSING

Arbeidet med innføring av nye IT-løysingar som blei starta i 2007, blei vidareført i 2012. Styret har følgd prosjektet tett frå starten og gjennom ein prosess som har blitt lengre enn opphavleg føreset. I 2012 vann Bouvet konkurransen om å overta for IBM som leverandør på felta utvikling og forvaltning etter at avtalen med IBM blei sagt opp.

Ny IT-løysing har sidan 2010 vore i bruk på rekneskap og økonomi, på datavarehusida, mot leverandørar gjennom Leverandørportalen og på distribusjonssenter for netthandel.

Etter tilpassingar og rettingar begynner no systema å gi den forventna effekten gjennom meir effektive prosessar, men full effekt oppnår vi først når alle butikkane er over på systema. I løpet av 2012 har det blitt gjort omfattande utbetringar av løysinga for butikk; elleve butikkar bruker no den nye løysinga, og erfaringar frå desse vil bli innarbeidde før løysinga blir rulla ut til resten av butikkane i løpet av 2013.

Bedriftsforsamlinga har utvida investeringsramma med 15 mill. kroner for å sikre at dei nødvendige endringane blir gjennomførte i butikk-løysinga.

#### VAREFORSYNING OG SORTIMENT

Sommaren 2012 blei eit nytt «mat og drikke»-tema testa ut i utvalde butikkar på Sør- og Austlandet. Undersøkingar viste at ein stor del av kundane til Vinmonopolet er opptekne av mat og drikke i kombinasjon. Tidlegare har Vinmonopolet prioritert land, stil eller geografiske område meir enn mat og vin i kombinasjon. I det nye konseptet "Tema: drikke til mat" vel kvar enkelt butikk sjølv ut produkt dei meiner passar til ulike matretter, basert på kjennskap til eige kundegrunnlag.

Det blei òg sett i gang ei storstilt satsing på

alkoholfrie produkt i 2012 med mellom anna prøvesmaking for kundar i utvalde butikkar. Alkoholfritt blei den produktgruppa med størst relativ vekst i 2012 og fekk regelmessig positiv omtale i media.

Det er gjennomført jamleg kjemisk og sensorisk kontroll av Vinmonopolets sortiment innan alle varetypar i 2012. Kontrollen er mest hyppig for produkt som er kjøpte inn av Vinmonopolet til basisutvalet. Drygt 1 600 produkt har gjennomgått kjemisk stikkprøvekontroll, og det er ikkje funne alvorlege feil eller manglar ved nokon av dei.

Ved utgangen av 2012 hadde Vinmonopolet avtale med 299 grossistar. Dei ti største grossistane representerer ein marknadsdel på 41 prosent. Grossistane bruker distribusjonsfirma/transportørar for å levere til butikkane. Dei fire største distributørane står for 99 prosent av levert volum til butikkane.

Vareforsyninga i Vinmonopolet har i 2012 i stor grad vore prega av dei problema som Vinmonopolets største distributør Vectura (52 prosent marknadsdel) opplevde i samband med flytting av anlegget sitt frå Hasle til Gjelleråsen. Dette medførte mange forseinkingar og utfordringar med utselde varer i butikk.

#### RISIKOSTYRING OG INTERNKONTROLL

Grunnlaget for arbeidet med risikostyring og internkontroll er det årlege oppdragsbrevet, strategisk plan, revisjonsrapportar og interne prosessar som er breitt forankra. Resultatet av arbeidet og gjennomføringa av risikoreducerande tiltak blir rapportert til styret gjennom året.

Risikoar som kan svekkje måloppnåinga for Vinmonopolet framover, er identifiserte, og det er sett i verk oppfølgingstiltak som er tilpassa den enkelte risikoen og kor vesentleg denne er. Aukande målkonflikt mellom innteningskrav og handlingsrom og endringar i rammevilkåra er vurderte som å ha høg risikoprofil. Risikoar som skriv seg frå interne forhold, er vurderte som å ha ein gjennomgåande lågare profil. Det er etablert eit overordna rammeverk for styring og kontroll. Hensikta er å dokumentere og skape tillit til at aktivitetane til Vinmonopolet går føre seg under pålitelege styring og kontroll og god intern drift. Internrevisor etterprøver og verifiserer arbeidet og korleis linjeorganisasjonen følgjer opp og gjennom-

fører vedtekte tiltak. Resultatet blir rapportert til styret og kontrollkomiteen.

#### INTERNBEREDSKAP

Vinmonopolet skal kunne handtere krise-, katastrofe- og krigssituasjonar med basis i ansvaret og ressursane til eigen organisasjon og ha gode rutinar og eit klart rollemedvit i forholdet til departementet og andre sektorar og verksemder. Vinmonopolets risikoanalyse for kriser blei revidert i 2012. Som eit resultat av gjennomgangen blei den overordna krisehandteringsplanen oppdatert med to nye handteringsstrategiar for konkrete krisesituasjonar. Det blei òg gjennomført ei eiga kriseøving i august.

#### SAMFUNNSANSVAR

Dei nordiske alkoholmonopola har i fleire år samarbeidd om leverandørkjedeoppfølging knytt til CSR (Corporate Social Responsibility). I 2011 blei eit felles etisk regelverk, The Nordic Alcohol Monopolies' Code of Conduct (CoC), forankra i dei respektive grossistavtalane til monopola. Frå 1. januar 2012 plikta alle grossistar å sørge for at dei salsvarene dei leverer til Vinmonopolet, er produserte på ein etisk berekraftig måte – i tråd med retningslinjene. Vinmonopolet har i 2012 aktivt følgd opp at produsentane etterlever retningslinjene, og har gjennom merksemd mot Sør-Afrika og Mexico inkludert 32 grossistar og dei 66 produsentane deira i eit oppfølgingsprogram.

#### DET YTRE MILJØET

Arbeid med det ytre miljøet er ein sentral del av samfunnsansvaret til Vinmonopolet. I tråd med dette heldt Vinmonopolet i 2012 fram med å implementere miljøstrategien sin. 113 butikkar blei sertifiserte som Miljøfyrtårn i løpet av året, og ved slutten av året var 202 butikkar, nettbutikken og Kjedefkontoret miljøsertifisert.

Frå mai 2011 har kundane måtta betale for bereposar hos Vinmonopolet. Dette har ført til ein betydeleg miljøgevinst ved at poseforbruket blei redusert med 38 prosent i 2012 samanlikna med 2010.

I 2012 er avfallshandteringa i butikk forbetra mellom anna gjennom ei meir effektiv utnytting av pappressene i butikkane. Auka utnytting har ført til større vekt per pappball, og fleire pressa ballar per henting har redusert det samla transportbehovet.

I 2012 inngjekk Vinmonopolet eit samarbeid med Enova om å redusere det totale energiforbruket. I butikkane har medvitet om energisparing auka i samband med sertifiseringa som Miljøfyrtårn. Det er gjennomført som justering av varme-, kjøle- og ventilasjonsanlegg, installering av meir energieffektiv belysning og automatiske skyvedører ut mot fellesareala i kjøpesentera for å halde riktig og jamn temperatur i butikkane.

#### ORGANISASJONEN OG TILSETTE

Ved utgangen av året var det totalt 1 805 tilsette i Vinmonopolet som utførte 1 125 årsverk. 675 personar var heiltidstilsette, 1 130 jobba som deltidstilsette. Talet på tilsette har gått ned med elleve frå 2011, mens årsverk er redusert med fem i same periode. Vinmonopolet ønskjer å redusere ufriwillig deltid, og tala viser at det har vore ei positiv utvikling i løpet av året i arbeidet med å auke storleiken på deltidskontraktar. Ei utfordring er at stadig fleire butikkar er småe og held ikkje opent kvar dag, og samtidig går ein stor del av salet føre seg mot helga.

Det totale sjukefråværet for 2012 var 7,5 prosent, ein nedgang i forhold til 2011 på eitt prosentpoeng. Korttidsfråværet (inntil 16 dagar) var i 2012 på 2,8 prosent mot 2,7 i 2011. Langtidsfråværet (over 16 dagar) var i 2012 på 4,7 prosent mot 5,8 i 2011. Det blir kontinuerleg arbeid med tiltak og tilrettelegging på arbeidsplassen for at sjukefråværet skal minke. Nye reglar for oppfølging av sjukemelde som tredde i kraft i 2011, er tekne positivt imot i bedrifta, og tettare oppfølging og dialog mellom den sjukmelde, nærmaste leiar, sjukmeldar (lege) og NAV medverkar til betre kommunikasjon og forståing av utfordringar som både arbeidstakar og arbeidsgivar har.

Vinmonopolet har eit elektronisk avvikssystem som medverkar til auka vekt på avvik og oppfølginga av desse. I 2012 er det totalt rapportert 348 avvik. Registrerte avvik der tilsette er direkte råka, utgjør 31 tilfelle av truslar / psykisk vald, to tilfelle av fysisk vald utøvd av kundar, 13 kuttskadar, fem klemskadar, sju skadar ved lyfting/vridning og 18 registrerte avvik i samband med fall eller fallande gjenstandar. Av desse førte 23 skadar til fråvære og eller medisinsk behandling. Innanfor dei resterande avvika er 126 registrerte avvik i

samband med feil i mottekte vareleveringar, som for høgt stabla pallar, og 80 avvik i kategorien diverse feil og manglar. Det blir systematisk jobba med å førebyggje skadar i Vinmonopolet. Det er gjennomført risikoanalyse i alle butikkar for å unngå skadar. Alle tilsette skal gjennomføre HMS-opplæring, og det blir gitt opplæring i butikk om bruk av tekniske hjelpemiddel for å sikre korrekt bruk. Innmelde avvik blir nøye følgde opp for å fange opp behov for iverksetjing av tiltak på eit så tidleg tidspunkt som mogleg.

Arbeidet med likestilling er ein viktig del av personalpolitikken til Vinmonopolet. Dette gjeld ved rekruttering, kompetanseutvikling, lønnspolitikk og arbeidsvilkår. Vinmonopolet ønskjer ei mest mogleg jamn fordeling mellom kvinner og menn. Tabellen nedanfor viser fordelinga mellom kvinnelege og mannlege leiarar i Vinmonopolet ved utgangen av året.

| FORDELING - KVINNER OG MENN                        |             |             |
|--|-------------|-------------|
|  | Kvinner     | Menn        |
| Leiarar - totalt                                   | 52 % (54 %) | 48 % (46 %) |
| Styret   | 44 % (44 %) | 56 % (56 %) |
| Leiargruppa  | 29 % (29 %) | 71 % (71 %) |
| Andre leiarar på Kjedefkontoret med personalansvar | 46 % (43 %) | 54 % (57 %) |
| Butikksjefar (2011-tal i parentes)                 | 53 % (57 %) | 47 % (43 %) |

Vinmonopolet jobbar saman med IMDi (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet) for å leggje til rette for rekruttering av innvandrarar og arbeid med mangfald i alle typar stillingar.

Vinmonopolet vil leggje til rette for at tilsette som gjennom eit langt arbeidsliv har fått slitasjeskadar, kan halde fram i jobben, mellom anna gjennom at dei i større grad får moglegheita til å velje delvis uføre/AFP og dermed kunne stå lenger i jobb.

Bedrifta har i dag ei ordning med inntak av ein kontorlærling der læretida går over to år. Frå og med 2013 ønskjer vi å utvide med inntak av ytterlegare ein lærling slik at det vil kunne vere to kontorlærlingar ved Kjedefkontoret.

#### REKNESKAP

Omsetninga til Vinmonopolet (ekskl. mva.) var 11 961,4 mill. kroner, der 6 552,2 mill.

kroner var alkoholavgifter. Dette er ein auke i omsetning på 370,7 mill. kroner frå 2011.

Etter frådrag av varekostnader og andre driftskostnader var driftsresultatet 123,1 mill. kroner.

Driftsresultatet blei 4,2 mill. kroner høgare enn i 2011. Resultatoppgangen kjem av høgare bruttoforteneste. Resultatet før skatt blei 167,5 mill. kroner, som er 8,2 mill. kroner høgare enn i 2011.

Skattekostnaden for 2012 er berekna til 47,0 mill. kroner. Stortinget har fastsett at 50 prosent av overskotet etter skatt skal gå til staten. Dette utgjør 60,3 mill. kroner.

Årsresultatet etter at skatt og delen av overskotet som går til staten, er trekte frå, utgjør 60,3 mill. kroner og blir foreslått overført til annan egenkapital.

Kontantstraumane er negative med -50,7 mill. kroner frå operasjonelle aktiviteter. Hovudårsaka til dette er at leverandørgjelda er redusert vesentleg i løpet av 2012.

Det blei brukt 80,4 mill. kroner til investeringsaktivitetar.

Samla beholdning av kontantar og kontantekvivalentar per 31.12.2012 var 1857,3 mill. kroner i forhold til 1988,6 mill. kroner ved førre årsskiftet. Den gode likviditeten ved årsskiftet må sjåast i samanheng med høg omsetning mot slutten av året.

Pensjonskostnaden er auka med 17 mill. kroner i forhold til 2011. Hovudårsaka til denne auken er bruk av lågare diskontingsringsatts og at tendensen til å ta ut AFP har auka. AS Vinmonopolet har ei leiarpensjonsordning som blir finansiert over drifta og inngår i pensjonskostnaden.

Totalkapitalen i selskapet utgjorde 3 180,9 mill. kroner per 31.12.2012. Bokført egenkapital var 273,0 mill. kroner, tilsvarande ein egenkapitalprosent på 8,6. Til samanlikning var egenkapitalen per 31.12.2011 på 466,7 mill. kroner, tilsvarande ein egenkapitalprosent på 14,2. Endringa skriv seg frå estimeringsavvik på pensjonar på grunn av endra føresetnader.

Aksjeutbytte til eigarane blir utbetalt med 2 500 kroner. Årsrekneskapa er avlagd under føresetnad om at drifta skal halde fram. Vinmonopolets kredittrisiko er låg ettersom det vesentlegaste av salet er kontantsal. Renterisikoen er òg låg som følgje av at likvide midlar hovudsakleg er plasserte i konsernkontoordning med flytande rente. Vinmonopolet er i liten grad

eksponert for valutarisiko sidan Vinmonopolet stort sett handlar i norske kroner.

#### FRAMTIDSUTSIKTER

Vinmonopolet utøver ulike roller – på den eine sida er selskapet eit reiskap for lågare alkoholkonsum og færre skadeverknader i Noreg ut ifrå ei helse- og alkoholpolitisk grunngeving, og på den andre sida har vi eit mål om å vere Noregs leiande faghandelskjede.

Det er lite som tyder på at Vinmonopolet som monopolordning og faghandelskjede er utfordra no når bedrifta har runda 90 år.

Samtidig blir flybilletter stadig billigare, og nordmenn får stadig betre råd. Dette har ført til ein betydeleg auke i reiseaktiviteten. Kombinert med aukande grensehandel har ein kraftig vekst i taxfreesalet ført til at den registrerte alkoholomsetninga gjennom Vinmonopolet har stagnert dei siste åra, sjølv om alkoholforbruket ifølgje SIRUS er aukande. I dag er det berre mellom 50 og 60 prosent av brennevinet som blir konsumert i Noreg, som er selt gjennom Vinmonopolet.

Denne utviklinga representerer ikkje berre ei utfordring for driftsgrunnlaget til Vinmonopolet. Ho truar moglegheitene for å vidareutvikle Vinmonopolets service og fagekspertise og moglegheitene til å møte forventningane om ei ytterlegare utviding av butikknettet.

På sikt vil utviklinga òg true Vinmonopolets legitimitet. Dersom vin og brennevin er noko som «berre blir kjøpt i utlandet», vil Vinmonopolet verke som ein anakronisme.

Det kjem stadig politiske utspel, både frå lokalt og sentralt hald, om utbygging av butikknettet til Vinmonopolet. Ytterpunktet er ønsket om vinmonopolbutikker i alle kommunane i landet. Det har òg vore fremja forslag om vin i butikk i dei kommunane som er så småe at det ikkje er økonomisk grunnlag for eigen vinmonopolbutikk der.

Tilgjenge til dei varene Vinmonopolet sel, er eit område som vil få stor merksemd i styret i tida som kjem. Også i åra etter 2014 vil Vinmonopolet kunne opne nye butikkar på små stader i kommunar utan pol, men dette føreset vellykka testing av ein ny type butikk (kategori 1), der driftsforma vil vere tilpassa dei lokale forholda. Det skal komme ei utgreiing om kategori-1-butikken i 2013.

Det er viktig å få flest mogleg butikkar innanfor den økonomiske ramma som

til kvar tid finst, noko som betyr å sjå på alle ledda i ei butikketablering og i drifta og vurdere kva som er mogleg å gjere med mindre bruk av ressursar.

Vinmonopolet vil i løpet av 2013 ha fullført den initiale innføringa av ny IT-arkitektur. Det er likevel identifisert ønske om ei rekkje endringar og tilpassingar som vil gjere løysinga enda betre. Desse vil bli implementerte etter kvart som ressursar blir frigjorde frå butikkutruillinga. For å kunne hente ut den ønskete effekten av prosessintegrering og nye moglegheiter er det òg nødvendig å vidareføre kompetansebygging både på kjedekontor og i butikk.

Vinmonopolet tilbyr i dag nesten 17 000 produkt, og breidda i marknaden vår er unik samanlikna med korleis det er i andre land i Europa. Sortimentsutfordringane til Vinmonopolet i dag handlar dermed ikkje om for dårleg produktbreidd, men snarare om at produktmiksen i den enkelte butikken kan betrast. Ulike moglegheiter for å gi butikkane ein produktmikse som i større grad tek omsyn til faktisk sal og lokal etterspurnad, blir vurderte. Dette vil medverke til betre lønnsemd og ein sortimentsstruktur som er meir kundetilpassa.

Vinmonopolet har utarbeidd ei løysing for vinauksjonar for private. Det er inngått eit samarbeid med auksjonshuset Blomqvist som skal hjelpe til med gjennomføringa av auksjonane. I 2013 er første auksjon planlagt gjennomført i fjerde kvartal.

Service og kompetanse er sentrale område det framleis skal arbeidast aktivt med i tida framover. Innsatsområde i det kommande året er å styrkje det faglege miljøet rundt om i dei enkelte butikkane og å gjere opplæringsmateriell betre tilgjengeleg gjennom digitale løysingar.

Styret ønskjer å takke alle medarbeidarane i butikkane og på Kjedekontoret som gjennom det daglege arbeidet sitt og den faglege dugleiken sin medverkar til Vinmonopolets gode resultat.



*Hill Marta Solberg*  
Hill Marta Solberg  
Styreleder



*Margrethe Sunde*  
Margrethe Sunde  
Nestleder



*Marit Warncke*  
Marit Warncke



*Inge Lønning*  
Inge Lønning



*Gunvald Ludvigsen*  
Gunvald Ludvigsen



*Bjørn Arild Gram*  
Bjørn Arild Gram



*Helge Storvik*  
Helge Storvik



*Elianne Johanne Ingebrigtsen*  
Elianne Johanne Ingebrigtsen



*Svend Bang Pedersen*  
Svend Bang Pedersen



*Kai G. Henriksen*  
Kai G. Henriksen  
Adm. direktør

# Nøkkeltal

|   | 2012          | 2011          | 2010          | 2009          |
|---|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Sal i 1 000 liter                       |               |               |               |               |
| Svakvin                                 | 65 690        | 64 272        | 63 422        | 62 108        |
| Sterkvin                                | 670           | 708           | 781           | 840           |
| Brennevin                               | 11 851        | 12 097        | 12 617        | 12 874        |
| Andre produkt                           | 1 656         | 1 333         | 1 137         | 924           |
| <b>SUM</b>                              | <b>79 867</b> | <b>78 410</b> | <b>77 957</b> | <b>76 746</b> |
| INNETEKTER OG RESULTAT millionar kroner |               |               |               |               |
| Brutto salsinntekter                    | 14 951,8      | 14 488,4      | 14 013,9      | 13 695,7      |
| Driftsinntekter                         | 11 971,5      | 11 605,9      | 11 228,5      | 10 957,7      |
| Driftsresultat                          | 123,1         | 118,9         | 176,6         | 78,5          |
| Resultat før skatt                      | 167,5         | 159,3         | 211,6         | 117,2         |
| KAPITAL                                 |               |               |               |               |
| Total kapital i millionar kroner        | 3 180,9       | 3 280,6       | 2 992,9       | 2 766,1       |
| Eigenkapital i millionar kroner         | 273,0         | 466,7         | 692,2         | 584,3         |
| Del av egenkapital i prosent            | 8,6           | 14,2          | 23,1          | 21,1          |
| LØNNSEMD i prosent                      |               |               |               |               |
| Bruttomargin 1)                         | 12,6          | 12,4          | 12,2          | 11,9          |
| Resultatgrad 2)                         | 1,4           | 1,4           | 1,9           | 1,1           |
| Totalkapitalrentabilitet 3)             | 5,3           | 5,2           | 7,4           | 4,4           |
| Eigenkapitalrentabilitet 4)             | 45,3          | 27,5          | 33,2          | 23,4          |
| LIKVIDITET                              |               |               |               |               |
| Likviditetsgrad i prosent 5)            | 157,1         | 145,6         | 144,9         | 151,3         |
| Arbeidskapital i millionar kroner 6)    | 906,9         | 847,4         | 785,6         | 785,2         |
| PERSONALE                               |               |               |               |               |
| Tal på fast ansatte pr. 31.12.          | 1 805         | 1 815         | 1 876         | 1 824         |
| Herav: Heiltidstilsette                 | 675           | 671           | 692           | 675           |
| Deltidstilsette                         | 1 130         | 1 144         | 1 180         | 1 149         |
| Tal på årsverk                          | 1 125         | 1 130         | 1 198         | 1 168         |
| Antall butikkar pr. 31.12.              | 278           | 267           | 259           | 248           |

$$1) \text{ Bruttomargin} = \frac{\text{driftsinntekt} - \text{vareforbruk}}{\text{driftsinntekt}} \times 100 \quad 4) \text{ Eigenkapital-rentabilitet} = \frac{\text{resultat før vinmonopolavgift}}{\text{gjennomsnitt av egenkapital 1.1. og 31.12.}} \times 100$$

$$2) \text{ Resultatgrad} = \frac{\text{resultat før vinmonopolavgift} + \text{finanskostnader}}{\text{driftsinntekt}} \times 100 \quad 5) \text{ Likviditetsgrad} = \frac{\text{omløpsmiddel}}{\text{kortsiktig gjeld}} \times 100$$

$$3) \text{ Totalkapitalrentabilitet} = \frac{\text{resultat før vinmonopolavgift} + \text{finanskostnader}}{\text{gjennomsnitt av totalkapitalen 1.1. og 31.12.}} \times 100 \quad 6) \text{ Arbeidskapital} = \text{omløpsmiddel} - \text{kortsiktig gjeld}$$

# Resultat

| Tal i millionar kroner             | Note | 2012            | 2011            |
|------------------------------------|------|-----------------|-----------------|
| DRIFTSINNETEKTER                   |      |                 |                 |
| Salsinntekter                      | 2    | 11 961,4        | 11 590,7        |
| Andre inntekter                    |      | 10,1            | 15,2            |
| <b>SUM DRIFTSINNETEKTER</b>        |      | <b>11 971,5</b> | <b>11 605,9</b> |
| DRIFTSKOSTNADER                    |      |                 |                 |
| Vareforbruk                        | 3    | 10 468,1        | 10 167,4        |
| Lønn og andre personalkostnader    | 4,19 | 885,7           | 839,9           |
| Avskrivningar på varige dr.middel  | 13   | 69,5            | 67,5            |
| Nedskrivningar på varige dr.middel | 13   | 0,0             | 0,0             |
| Andre driftskostnader              | 5    | 425,1           | 412,2           |
| <b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>         |      | <b>11 848,5</b> | <b>11 487,0</b> |
| <b>DRIFTSRESULTAT</b>              |      | <b>123,1</b>    | <b>118,9</b>    |
| FINANS                             |      |                 |                 |
| Finansinntekter                    | 6,8  | 46,9            | 45,1            |
| Finanskostnader                    | 6    | 2,5             | 4,7             |
| <b>SUM FINANSRESULTAT</b>          |      | <b>44,5</b>     | <b>40,4</b>     |
| <b>RESULTAT FØR SKATT</b>          |      | <b>167,5</b>    | <b>159,3</b>    |
| Skattekostnad (Vinmonopolavgift)   | 14   | 47,0            | 37,1            |
| <b>RESULTATET FOR ÅRET</b>         |      | <b>120,6</b>    | <b>122,2</b>    |
| AVSETT TIL                         |      |                 |                 |
| Til overskotsdel og utbytte        | 15   | 60,3            | 61,1            |
| Til annan egenkapital              | 18   | 60,3            | 61,1            |
| <b>SUM</b>                         |      | <b>120,6</b>    | <b>122,2</b>    |

# Balanse

| Tal i millioner kroner       | Note | 2012           | 2011           |
|------------------------------|------|----------------|----------------|
| <b>EIGEDELAR</b>             |      |                |                |
| Lisensar og programvare      | 13   | 79,8           | 90,7           |
| Utsett skattefordel          | 14   | 360,5          | 261,4          |
| Varige driftsmiddel          | 13   | 243,8          | 222,9          |
| Obligasjonar og aksjar       | 12   | 1,4            | 1,4            |
| <b>ANLEGGSMIDDEL</b>         |      | <b>685,6</b>   | <b>576,5</b>   |
| <hr/>                        |      |                |                |
| Varebeholdning               | 9    | 586,4          | 663,4          |
| Kundefordringar              | 10   | 27,1           | 26,1           |
| Andre kortsiktige fordringar | 11   | 24,5           | 26,1           |
| Finansielle plasseringar     | 8    | 369,2          | 351,0          |
| Kontantar, bankinnskot       | 7    | 1 488,2        | 1 637,6        |
| <b>OMLØPSMIDDEL</b>          |      | <b>2 495,3</b> | <b>2 704,1</b> |
| <hr/>                        |      |                |                |
| <b>SUM EIGEDELAR</b>         |      | <b>3 180,9</b> | <b>3 280,6</b> |

| Tal i millioner kroner            | Note | 2012           | 2011           |
|-----------------------------------|------|----------------|----------------|
| <b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>      |      |                |                |
| Innskoten kapital                 |      |                |                |
| Aksjekapital                      | 17   | 0,1            | 0,1            |
| Opptent kapital                   |      |                |                |
| Annan eigenkapital                | 18   | 272,9          | 466,7          |
| <b>EIGENKAPITAL</b>               |      | <b>273,0</b>   | <b>466,7</b>   |
| <hr/>                             |      |                |                |
| Pensjonsforpliktingar             | 19   | 1 319,5        | 957,2          |
| <b>LANGSIKTIG GJELD</b>           |      | <b>1 319,5</b> | <b>957,2</b>   |
| <hr/>                             |      |                |                |
| Leverandørgjeld                   |      | 1 096,5        | 1 439,1        |
| Betalbar skatt (vinmonopolavgift) | 14   | 83,5           | 63,3           |
| Skyldige offentlege avgifter      |      | 134,2          | 84,3           |
| Overskotsdel og utbytte           | 15   | 60,3           | 61,1           |
| Anna kortsiktig gjeld             | 16   | 213,8          | 209,0          |
| <b>KORTSIKTIG GJELD</b>           |      | <b>1 588,4</b> | <b>1 856,7</b> |
| <hr/>                             |      |                |                |
| <b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>  |      | <b>3 180,9</b> | <b>3 280,6</b> |


# Kontantstrømoppstilling


| Tall i millioner kroner                                    | 2012           | 2011           |
|--|----------------|----------------|
| <b>LIKVIDAR TILFØRTE FRÅ VERKSEMDA</b>                     |                |                |
| Tilført frå verksemda for året *)                          | 159,6          | 104,1          |
| Endring leverandørar                                       | -342,6         | 138,4          |
| Endring i lager, debitorar                                 | 76,0           | -3,1           |
| Endring andre kortsiktige postar                           | 56,3           | -1,1           |
| <b>NETTO LIKVIDITETSENDRING FRÅ VERKSEMDA</b>              | <b>-50,7</b>   | <b>238,4</b>   |
| <hr/>  |                |                |
| <b>LIKVIDAR BRUKTE PÅ INVESTERINGAR</b>                    |                |                |
| Investeringar i varige driftsmiddel                        | -80,4          | -82,7          |
| Sal av varige driftsmiddel                                 | 0,0            | 21,0           |
| <b>NETTO LIKVIDITETSENDRING FRÅ INVESTERINGAR</b>          | <b>-80,4</b>   | <b>-61,7</b>   |
| <hr/>  |                |                |
| <b>LIKVIDAR FRÅ FINANSIERING</b>                           |                |                |
| Endring andre langsiktige fordringar                       |                | 3,0            |
| <b>NETTO LIKVIDITETSENDRING FRÅ FINANSIERING</b>           | <b>-</b>       | <b>3,0</b>     |
| <hr/>  |                |                |
| <b>NETTO ENDRING I LIKVIDAR GJENNOM ÅRET</b>               | <b>-131,3</b>  | <b>179,6</b>   |
| Likvidar 1.1   | 1 988,6        | 1 809,0        |
| <b>LIKVIDAR 31.12</b>                                      | <b>1 857,3</b> | <b>1 988,6</b> |
| <hr/>  |                |                |
| <b>SPESIFIKASJON LIKVIDAR 31.12.</b>                       |                |                |
| Kontanter  |                | 29,2           |
| Bankinnskot  | 1 488,2        | 1 608,5        |
| Finansielle plasseringar                                   | 369,2          | 351,0          |
| <b>SUM LIKVIDAR</b>  | <b>1 857,3</b> | <b>1 988,6</b> |
| <hr/>  |                |                |
| Resultat før Skatt (Vinmonopolavgift)                      | 167,5          | 159,3          |
| Gevinst ved sal av driftsmiddel                            | -              | -15,8          |
| Ordinære av- og nedskrivningar                             | 69,5           | 67,5           |
| Betalbar skatt (vinmonopolavgift)                          | -27,0          | -36,1          |
| Forskjell mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar | 9,9            | -9,7           |
| Overskotsdel   | -60,3          | -61,1          |
